

Dei ubodne gjestane

- ei forteljing frå Iran





Det var ein gong ei
gammal dame som
budde i eit lite leirhus i
ein liten landsby i Iran.
Huset hadde ein hage
som var like stor som ei
sandkasse. I hagen stod
det eit tre som var like
stort som ei fyrstikk.
Rundt hagen var det fire
veggar av leire.



Ein ettermiddag sveipte ho den lange, blomstrete tsjadoren sin rundt seg og gjekk for å helse på naboane. Idet tsjadoren byrja å flagre i lufta som eit brueslør, kjende ho plutseleg at det byrja å regne. Lukta av fuktig leire kom frå veggane. Det byrja å regne og tore.



Den gamle dama gjekk inn og
kraup inn under dyna. Då
hørde ho plutseleg:

«Bank, bank, bank!»

Det var ein klissblaut liten
sporv. Vassdropar fall frå
nebbet til sporven:

«Drypp, drypp, drypp!»

Og dei våte vengene flaksa
mot kvarandre:

«Klask, klask, klask!»

Den gamle dama tok sporven
med seg inn i rommet og
dekte vengene med eit lite
tøystykke.



«Bank, bank, bank!»

Den gamle dama skunda seg til døra og spurde: «Kven er det som bankar på?» I det same ho opna døra, flaug det ei klissblaut kråke inn i huset og dusja sporven i vatn.

Sporven skulle til å kjefta på kråka, men akkurat då hørde dei:

«Bank, bank, bank!»

Ein gjennomvåt katt kom labbande inn i huset.



Då sporven og kråka såg
katten, klengde dei seg til
kvarandre og byrja å
skjelve av redsle.

«Mjau, ikkje ver redd for
dei du ikkje kjenner, i dette
huset er vi alle venner»,
smilte katten lurt.



I løpet av kvelden kom
det fleire våte gjester: ei
vaktbikkje og så ei stor
ku som pressa seg inn i
huset og laga jordskjelv.
Alle dyra blei slengde til
veggs.

Men den vesle sporven
sat i kroken sin og lo:
«Hi-hi-hi-hi».



«Z-z-z-z-z». No var
snorking den einaste
lyden som var å høyre i
det vesle huset. Den vesle
sporven og herr kråke
hadde funne kvar sin plass
i glaskarmen, medan
kattepusen, vaktbikkja og
den svære kua la seg i
kvart sitt hjørne av
rommet.



Neste dag då den gamle dama strekte seg og opna auga, såg ho at heile huset var i rørsle. Kråka brasa inn med tre vedkubbar i nebbet.

Vaktbikkja brukte dei sterke lungene sine til å blåse liv i elden i peisen. Katten gjorde i stand ein lekker frukost på ein duk på golvet. Den store kua hadde vore i byen og kjøpt steinbakt brød, og sporven song ein vakker melodi.



Alle sette seg rundt
frukostduken på bakken
og åt steinbakt brød med
fetaost, drakk te og
storkosa seg.

Då dei hadde drukke den
siste slurken med te,
byrja sola å skine. No
regna det ikkje meir, så
det var vel kanskje på
tide å fare.

Men tanken på å ta avskil
med den snille, gamle
dama gjorde dei veldig
triste.



Med ein klump i hjartet såg den gamle dama på alle dyra og sa: «Dersom det var opp til meg, så skulle eg late dykk alle saman bli verande, men hagen min er like stor som ei sandkasse, og dei rommar ikkje så mykje. Dersom den vesle sporven blir att, blir den svære kua nøydd til å gå.» «Og kva med meg som seier mø-mø, gjev deg mjølk og smør til brød-brød, skal ikkje eg få bli verande?» sa den svære kua. «Mjau-mjau-mjau ...», sa katten. «Kva med meg som seier voff-voff, bankar tjuvar, eg er røff-røff, skal ikkje eg få bli verande?» sa vaktbikkja. «Kra-kra-kra...», sa kråka. «Kva med meg som seier tvi-tvi, alle treng ein melodi, skal ikkje eg få bli?»



Og det gjekk slik at alle
fekk lov til å bli verande, på
det vilkåret at alle skulle
hjelpe til i huset og vere
snille med kvarandre.

Det gjorde dei, og frå då
av levde dei mange
lukkelege år saman.

Snipp snapp snute, så er
eventyret ute.



Illustratør: Svetlana Voronkova

Sjå fleire forteljingar på morsmal.no